



DEN NORSKE KIRKE
Stavanger biskop

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Dato 04.10.02
Saksbehandler: Gunnar Rønnestad

Vår ref.
02/156-2 GR

Deres ref. Deres dato

**HØYRINGSSVAR TIL NOU 2002:1 FORTID FORMER FRAMTID –
UTFORDRINGER I EN NY KULTURMINNEPOLITIKK**

Vi viser til tilsendt høyring av NOU 220: 1 Fortid former framtid – utfordringer i en ny kulturpolitikk.

Stavanger biskop ser det som viktig at finansieringsordningane sikrar eit forsvarleg vedlikehald av dei eldste kyrkjebygg. I dag er finansieringsansvaret for vedlikehald av kyrkjebygg i hovudsak lagt på dei einskilde kommunane. Kommunane har etter kyrkjelova § 15 plikt til å løyve tilstrekkelege midlar til vedlikehald av kyrkjebygg.

Vi ser at kommunane sine løyvingar til dei kyrkjelege fellestråda vert sett på under eitt. Dette medfører at dei kyrkjelege fellestråda i sin tur ofte må velje om dei skal prioritere mellom å bruke kommunane sine løyvingar til vedlikehald av kyrkjer eller anna kyrkjeleg verksemd.

Ettersom dei kommunale løyvingane ofte er knappe, vert både vedlikehaldet av kyrkjebygg og anna kyrkjeleg verksemd skadelidande. Dette gjeld særleg i kommunar som har eldre kyrkjebygg der kostnadene til vedlikehald er store.

Stavanger biskop vil derfor tilrå at det vert arbeidd mot ei finansieringsordning der det i større grad enn i dag vert løyvde midlar frå staten til vedlikehald av eldre kyrkjebygg. Dette vil tene både kyrkjene som kulturminne og den kyrkjeleg verksemda i kommunane. Vi vil derfor støtte utvalet sitt prinsipielle standpunkt om at staten har ansvar for å dekkje utgifter til å bringe kyrkjer som er underlagt særleg vern, opp på eit tilfredsstillande vedlikehaldsnivå.

Vi ser det som lite ønskjeleg at utgiftene vert dekte av Opplysningsvesenets Fond.

Med hilsen

Ernst Baasland

Ernst Baasland
biskop

Age Bogndal
Age Bogndal
direktør

Kopi:
Kultur- og kyrkjedepartementet, kyrkjeavdelinga